

# Interpellasjonar til fylkestinget, 14.-15.mars 2023

Frist for å sende inn interpellasjon: Onsdag 8.mars, kl 0900

## Oversikt over mottekne interpellasjonar

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Trude Brosvik (Krf)	Nytenking og utvikling av helsefagarbeider-tilbodet
2.	Kurt Johnny Hæggernæs (PP)	Vestland – eit aldersvennlig fylke
3.	Noralv Distad (H)	Vestlandsopprøret
4.	Marthe Hammer (SV)	Tannhelse

## MOTTEKNE INTERPELLASJONAR

### 1. Trude Brosvik (Krf); Om nytenking og utvikling av helsefagarbeider-tilbodet

#### Nytenkjing og utvikling av helsefagarbeider-tilbodet

Det vil vere naudsynt med større rekruttering til helsefagarbeid, og fylkeskommunen er ein viktig aktør for å få det til. Fylkeskommunen er ein utviklingsaktør som alltid skal søkje etter nye, gode og effektive løysingar til beste for innbyggjarane våre.

Demografisk utvikling gjer at det vert stadig større etterspurnad etter helsefagarbeidarar, vernepleiarar, sjukepleiarar mm. Vi ser allereie at kommunane slit med å rekruttere nok. Nyleg framlagt rapport frå Helsepersonellkommisjonen ropar varsku, men forslår også løysingar.

Helsefagarbeid er i stor grad dominert av kvinner. Det er ei politisk målsetting å jamne ut skiljet mellom tradisjonelle «gut/jente-fag», og Vestland fylkeskommune deltek mellom anna i prosjektet «Menn i helse».

Digitale hjelpemiddel og velferdsteknologi vert ofte peika på som ein viktig del av løysinga på ressursmangel innanfor omsorgsarbeidet.

KrF trur det kunne vore eit spanande og viktig utviklingsarbeid om nokre av dei vidaregåande skulane våre deltok i å utvikle ein pilot for utdanningsløp på vidaregåande skule-nivå som kombinerte teknisk utdanning og helsefag. Etter kva vi skjønar er det allereie eit prosjekt-samarbeid på tvers av ulike linjer ma. å Bømlo- og Fitjar vgs, som går an å bygge vidare på.

Vi trur det vil vere svært framtidretta overfor brukane, kommunane og at det kanskje også kan hjelpe på interessa for at fleire, av begge kjønn, ser faget som aktuell yrkesveg. I tillegg vil det truleg også skape grobotn for utvikling av nye bedrifter som kan drive utviklingsarbeid innanfor området.

#### Spørsmål:

Er fylkesordførar samd med KrF i at dette er ei spanande og framtidretta satsing for Vestland fylkeskommune å ta leiarskap? Vil fylkesordføraren ta initiativ for å få til eit nytt utdanningsprogram for framtidens helsefagarbeidar?

#### Framlegg til vedtak:

Vestland fylkeskommune utarbeider ei sak der ein undersøker om det er interesse, og kva som krevst, for å utvikle ein ny pilot / søke godkjent fagplan for eit nytt helsefag som kombinerer teknisk kompetanse og helsefag. Faget skal i første rekke vere aktuelt for vidaregåande skule-nivå, men skal også vurderast for fagskule-nivå.

#### Svar frå fylkesordføraren

Det er svært viktig som representanten Brosvik peikar på, at elevar ved helsefagarbeidarutdanninga i Vestland fylkeskommune får ei god opplæring i ny teknologi, slik at helsesektoren kan tilby gode og effektive løysingar til det beste for innbyggjarane.

Utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag er det største yrkesfaglege utdanningsprogrammet i Vestland. Programområdet helsefagarbeidar vert tilbydd ved 23 av dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune, og har ei god geografiske utbreiing. Tilbudsstrukturen har som målsetjing å sikre rekruttering og god fagkompetanse i heile fylket.

Kunnskapsløftet 2020 og fornying av læreplanane bidreg til å sikre at framtidige helsefagarbeidararar får kjennskap og opplæring i bruk av velferdsteknologi. Nye kompetansemål omhandlar bruk av hjelpemiddel og teknologi i helsefagarbeidarutdanninga, både på vg1-, vg2- og vg3-nivå.

I kompetansemåla for helsearbeidarfagutdanninga går det fram at elevane mellom anna skal få opplæring i å:

- vurdere korleis hjelpemiddel, velferdsteknologi og annan teknologi kan brukast i yrkesutøvinga
- gjere greie for ulike hjelpemiddel og velferdsteknologi som kan bidra til sjølvstende, og som kan oppretthalde funksjonar i dagleglivet
- vurdere pasientar og brukarane sine behov for hjelpemiddel og velferdsteknologi og rettleie i bruken av desse
- bruke digitale kommunikasjonsverktøy og rettleie pasientar, brukarar og pårørande om bruk av slike verktøy

Fylkeskommunen tilbyr tre ulike opplæringsmodellar inn helsefagarbeidarutdanninga:

- Helsefagarbeidarutdanning med to år på skule og to år i lære
- Treårig helsefagarbeidarutdanning, med generell studiekompetanse
- Fireårig helsefagarbeidarutdanning, med fagbrev og spesiell studiekompetanse

Vestland fylkeskommune har allereie opplæringsløp som kombinerer teknisk utdanning og helsefag, primært gjennom det fireårige opplæringsløpet.

Fylkesordføraren meiner Vestland fylkeskommune har ein god struktur for å rekruttere og kvalifisere personell som helsefagarbeidarar gjennom ulike modellar. Med læreplanar som legg vekt på mellom anna velferdsteknologi ligg det allereie godt til rette å ruste helsefagarbeidarar med naudsynt teknisk kompetanse for å ta i vare pasientane og brukarane sine behov.

## 2. Kurt Johnny Hæggernes (PP); Om Vestland – eit aldersvennlig fylke

### Vestland «Et aldersvennlig fylke»

Vi har alle fått med oss de store endringene i demografien i samfunnet, der den eldre del av befolkningen har en stor økning. I Vestland fylke er det nå over 70.000 personer over 67 år, omtrent like mange som de mellom 0 og 19 år. I henhold til fremtidsprognosene så vil barnetallene synke, mens den eldre del av befolkningen får en kraftig økning de neste årene.

Er Vestland Fylkeskommune skodd for å møte utfordringene?

Hva må vi gjøre og hvilke planer har vi?

Her er noen eksempler på utfordringer:

- Mange av våre kulturtilbud og støtteordninger omfatter ikke de eldre
- Den Kulturelle Spaserstokken (DKSS) er ekskluderende (har 4 mill mens DKskolesekken har 35 mill)
- Folkehelse tilbudene er ekskluderende og ikke tilpasset mange eldre.
- Mange eldre innbyggere i Vestland behersker ikke den digitale hverdagen
- Opplæringsmidler til eldreområdet mangler, eks. til digitalisering, ernæring og egen helse
- Transportløsninger og tilrettelegging er ikke optimale
- Store utdanningsutfordringer innenfor helse og omsorgssektoren, vi mangler hender i hele landet.

Vi må vel erkjenne at vi pr. i dag ikke har hatt nok fokus eller har planer for eldreomsorgen.

Tiden er inne til å si fra at dette må vi gjøre noe med det.

Jeg har følgende spørsmål til fylkesordføreren?

1. Mener fylkesordføreren at Vestland fylke har gode nok planer og tiltak som ivaretar de utfordringene vi står ovenfor innen eldreområdet?
2. Vil fylkesordføreren ta initiativ til at Vestland Fylkeskommune foretar en gjennomgang av planer og tiltak for å sikre innbyggerne i fylket en god eldreomsorg.
3. Vil Fylkesordføreren medvirke til at Vestland Fylke skal bli et foregangsfylke innen eldreomsorgen og erklære seg som: Vestland «Et aldersvennlig fylke»

#### Forslag til vedtak:

Vestland Fylke vedtar at Vestland skal være «Et aldersvennlig fylke» Fylkestinget ber Fylkesdirektøren starte arbeidet med en gjennomgang av fylkets planer og vedtak, samt av fylkets søknadsordninger, med tanke på styrking og forbedringer tilpasset målet om et aldersvennlig fylke. En sak om dette legges frem via utvalgene og kommer til sluttbehandling på neste fylkesting.»

#### Svar frå fylkesordføreren

På lik linje med dei fleste land i Europa vert snittalderen i Norge og i Vestland stadig høgare. Årsakene bak er komplekse og samansette. Fylkesordføreren forventar at dei andre styringsnivåa i landet er kjende med at me i aukande grad får ein skeiv alderspyramide, og at det vert jobba målretta for å motverke ei negativ utvikling, slik fylkeskommunen også skal gjere.

Vestland fylkeskommune skal støtte interessene til alle innbyggjarane i fylket, og syte føre at ein skal ha tilgang til gode tenester og rammer uansett kvar ein bur og kven ein er. Dei ulike gruppene skal fangast opp i planarbeidet, for å sikre at grepa ein tek, er godt forankra. Punkt 4.2 i Vestland sin utviklingsplan er til dømes klart på at Vestland skal utvikle eit meir aldersvenleg samfunn.

Fylkeskommunen si satsing på innbyggjarane vert bestemt av fylkestinget, innanfor grensene for det som er fylkeskommunen sine rammer. Slik sett er det opp til fylkestinget å gjere tiltak eller endringar for eldre innbyggjarar om ein ynskjer det, innanfor dei felte som fylkeskommunen rår over.

### **3. Noralv Distad (H); om Vestlandsopprøret**

#### **Vestlandsopprøret**

NRK hadde den 2. mars i år oppslag om Vestlandsopprøret som skal ha offisiell lansering i Ålesund 20. mars. Initiativtakarane seier at målet med opprøret er å løfta fram den store verdiskapinga på Vestlandet, og å peika på kor negativt det auka skattetrykket er for næringslivet og dermed samfunnsutviklinga på Vestlandet.

Auka skatt på formue, lakseoppdrett og kraftproduksjon er i realitet ei omfordeling av verdier bort frå Vestlandet. Dette svekkar næringslivet i landsdelen si evne til omstilling og investeringar for berekraftig vekst, auka eksport og jobbskaping.

Vestlandsopprøret har så langt fått brei støtte, både i politikk og næringsliv. Vestland fylkeskommune må ta dette på alvor og følgja opp med å synleggjera for nasjonale styresmakter korleis auka skattar rår vårt fylke.

#### Spørsmål:

Vil fylkesordførar ta initiativ til ein samla gjennomgang av dei konsekvensar auka skattar har for verdiskapinga og samfunnsutviklinga i Vestland?

#### Framlegg til vedtak:

Det vert utarbeidd ein samla gjennomgang av dei konsekvensane auka skattar har for verdiskapinga og samfunnsutviklinga i Vestland. Rapporten vert lagt fram for fylkestinget i juni 2023.

#### Svar frå fylkesordføreren

Lukkast ikkje Vestlandet, lukkast ikkje Norge, sa Jonas Gahr Støre under valkamp-opninga i Bergen i 2017. Det stemte då, og det stemmer i dag. Vestland er det desidert største eksportfylket i landet, og verdiskapinga går føre seg i heile fylket. Rammevilkår, deriblant skatt, er heilt avgjerande for at nærings- og samfunnsutviklinga skal kunne gå den retninga både Vestland og nasjonale styresmakter ynskjer. Fylkeskommunen legg vekt på å ha god dialog med næringslivet i heile fylket, for å sikre at ein er kjend med stoda i dei ulike sektorane, og å kunne stille opp når enkeltaktørar og næringar ynskjer dialog.

Fylkeskommunen ynskjer gode rammevilkår for å sikre verdiskapinga, som er avstemde så godt som råd mellom konkurrerande omsyn. Det er dei nasjonale styresmaktene som har ansvaret for dette, inkludert for nivåa på skattar og avgifter. I første rekke er det som høyringsinstans at fylkeskommunen kan koma med sitt syn, men det er også tett kontakt mellom fylket og styresmaktene både politisk og administrativt.

Det er opp til fylkestinget i Vestland å utforme og å gjere vedtak som bidreg til dette, med forankring i Vestland sin regionale plan for innovasjon og næringsutvikling.

#### 4. Marthe Hammer (SV); om tannhelse

##### **Styrk den offentlege tannhelsetenesta fyrst!**

Tannhelsereforma er i gang. I 2022 fekk 21 – 22 åringane halv pris på tannhelse i den offentlege fylkeskommunale tannhelsetenesta, det kom fleire midlar til den offentlege tannhelsetenesta, og kapasiteten til behandling for traumer og odontofobi (TOO) ble økt. For 2023 vart retten til halv pris utvida til også å gjelde for 23– 26 åringane. Konkret betyr det for Vestland at i 2022 fekk 6375 21- og 22-åringane behandling til halv pris i den offentlege tannhelsetenesta, og ventetida for å få behandling for traumer og odontofobi er redusert med et halvt år. Dette er ein av de største utvidinga av tannhelsetenesta på fleire tiår.

Tannhelseloven er utdatert. Derfor er det veldig gledelig at det no er i gang ein full gjennomgang av tannhelseloven. Tannhelseutvalet ble satt ned sist sommar og vi ser frem til forslag på ulike alternativ for regulering av priser og innføring av nødvendige refusjonsordningar. For mange av oss er målet at ingen skal betale meir i eigendel for tannhelse enn ein gjer i resten av helsevesenet.

Samtidig står den offentlege tannhelsetenesta ovenfor store utfordringer som uansett kan adresserast mens ein venter på tannhelseutvalgets arbeid. Derfor er det en bevisst strategi å umiddelbart starte utbyggingen av den offentlege tannhelsetenesta og sikre aukt kapasitet i de fylkeskommunale tenestene. Gjennom år med manglande bevilgningar til den offentlege tannhelsetenesta er det ikkje tvil om at mange steder i landet trengs det nye lokalar, nytt utstyr og auka kapasitet. I tillegg har den offentlege tannhelsetenesta utfordringar med å rekruttere personell. I konkurranse med private tannlegar i byene, så taper tannlegane i det offentlege og i distriktet.

Ved fyrste augekast kan det synes merkeleg at ein vel å utvide tannhelsetilbodet til 21-26 -åringane, ei gruppe som i utgangspunktet har veldig god tannhelse frå før. Men det er to grunner for akkurat denne gruppa. For det fyrste er det en aldersgrupper kor mange har lite inntekt, mange er studentar, og mange sluttar å gå til tannlegen fordi de ikkje har råd. Derfor er det et viktig bidrag til en gruppe med lav inntekt å halvere kostnaden for tannhelse. For det andre, og kanskje lik så viktig, er det å utvide pasientgruppa i den offentlege tannhelsetenesta med ein meir variert pasientgruppe som trenger lite ressursar, en måte å utvide kapasitet og sikre rekruttering. I tillegg til barn og ungdom, har den offentlege tannhelsetenesta ansvaret for psykisk utviklingshemma, eldre, langtidssyke og uføre i institusjon og heimesjukepleie, samt ruspasientar. Mange av de sjukaste og mest ressurskrevjande pasientane. Det å utvide pasientgruppa med i all hovudsak friske 21-26- åringar, er også derfor også et rekrutteringstiltak for den offentlege tannhelsetenesta.

Det viktigaste er likevel at de første hundre millionane, og etter kvart milliardane til tannhelse faktisk kommer i form av betre tannhelse, og ikkje som profitt i velferda og hamner i skatteparadis. Vi står nå ved et vegval, om kva for retning man skal velge for en tannhelsereform.

Det er ikkje vanskeleg å pøse på med milliarder i en ny tannhelsereform, der vi betaler heler eller deler av regningen til den allerede svært privatiserte tannhelsetenesta i Norge. Men vi vil da ha svært liten kontroll på om offentlege midlar hamner som profitt i velferda og i skatteparadis. Og denne strategien gjer det heller ikkje enklare å rekruttere tannlegar til de eldre og uføre, barn og langtidssjuka som trenger behandling i den offentlege tannhelsetenesta.

Derfor må innføring av ei tannhelsereform verte gjennomført med klokskap og politisk styring. Vi kommer ikke unna at 80% av alle tannlegane i landet jobbar i den private tannhelsetenesta. Samtidig har den offentlege tannhelsetenesten store utfordringar og har vært underfinansiert i årevis. Og det er i valget mellom hvor de første milliardane til en tannhelsereform skal gå, at man bør holde stø kurs på å styrke den offentlege tannhelsetenesten. Det er den einaste og sikraste måten å hindre profitt i velferden og få mest tannhelse igjen for pengene. Tannhelsereforma er den store nye reforma for fylkeskommunen.

### Spørsmål til fylkesordføreren:

- For å sikre tannhelse til heile befolkninga i heile Vestland, er fylkesordføreren einig i at når ein ruller ut ein tannhelsereform, så bør ein starte med å styrke og utvide den offentlege fylkeskommunale tannhelsetenesta?
- Kva meiner fylkesordføreren er riktig strategi og tiltak for å sikre rekruttering og auke kapasitet innan den offentlege tannhelsetenesta i Vestland på kort og lang sikt?

### Framlegg til vedtak:

For å sikre eit tannhelsetilbod til heile befolkninga i Vestland, er det viktig at ein i gjennomføringa av ei tannhelsereform styrker og utvider den offentlege fylkeskommunale tannhelsetenesta. Vestland fylkeskommune erkjenner at ein har rekrutteringsutfordringar og kapasitetsutfordringar på kort sikt og ein ber administrasjonen komme attende med forslag til rekrutteringstrategi og tiltak for auka kapasitet.

### Svar frå fylkesordføreren

Fylkesordføreren er samd i at når ein ruller ut ei tannhelsereform, så bør vi styrke og utvide den fylkeskommunale tannhelsetenesta i samsvar med det faktiske behovet som oppstår. Dette omfattar også oppgradering og modernisering av eksisterande tannklinikkar og bygging av nye tannklinikkar. Fylkesordføreren ser behov for ein ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta som tek omsyn til at tenesta har fått nye og utvida pasientgrupper å ta hand om.

Når det gjeld Stortinget sitt vedtak om 50% refusjon for gruppa 21-26 år, så held Vestland fylkeskommune seg til vedtaket, slik det er gjort kjent. P.t. har fylkeskommunen ikkje fått oppdragsbrev frå Helsedirektoratet og vi saknar difor felles rammer og føringar for iverksetting av vedtaket. Dette er viktige element å kjenne til når kapasitet og rekrutteringsbehov skal vurderast. Inntil vi har fått oppdragsbrevet frå Helsedirektoratet, eller på annan måte er gjort kjent med felles rammer og føringar for iverksetting av vedtaket, vil fylkeskommunen ta imot pasientar som ønskjer behandling hos oss, men og refundere 50% etter gjennomført behandling hos privatpraktiserande tannlege.

Gruppa 21-26 år er ikkje ei prioritert gruppe med lovpålagte rettigheter i den offentlege tannhelsetenesta, men ei gruppe som skal få eit tilbod som det er frivillig å nytte. Det er ikkje eit oppsøkjande tilbod, der tannhelsetenesta står med eit ansvar utover å informere om tilbodet. Vi kjenner ikkje p.t. behov og etterspurnad for denne gruppa og må difor følgje brukargruppa over tid for å få dette med i eit vurderingsgrunnlag for kapasitet og rekrutteringsbehov.

### Rekruttering og stabilisering.

Tannhelsetenesta er i gang med å følgje opp verbalforslag 22 og 23 frå budsjettet for 2023 med tiltak for å rekruttere og stabilisere arbeidskraft og kompetanse i tillegg til modernisering av utstyr og auke kapasiteten.

Tannhelsetenesta jobbar med stabiliserings- og rekrutteringstiltak i tråd med dei vedtaka som er gjort. Følgande tiltak er føreslått:

- Fylkestannlegen og alle områdeleiarane inviterer avgangselevar ved tannhelseutdanningane på eiga tilstelling 1 til 2 gonger per år. Føremålet er å rekruttere til områda og oppretta personleg dialog. Ein ser det som føremålstenleg at slike møte også kan verta arrangert der målgruppa er anna fagpersonell knytte til tenesta.
- Områdeleiarane kartlegg og prioriterer kva klinikkar det vil vera naudsynt å auka startlønna på for å greia å rekruttera fagpersonar. Ein ser føre seg at det gjeld alle faggrupper. Det kan også vera varierende over tid kva klinikkar og faggrupper det gjeld.
- Stabilisering er ei utfordring særleg på tannlege. Ein opplever stadig at uerfarne tannlegar brukar det offentlege som startarbeidsplass, før dei vert rekruttert til det private. Der tapar det offentlege i lønnsamheng. Dette ser vi også for andre yrkesgrupper i tannhelsetenesta.
- Å kunne tilby kompetanseheving for tilsette i form av hospitering og kurs vil også vere viktig for å halde på kvalifisert arbeidskraft i tannhelsetenesta og for å sikre at vi opprettheld kvalitet og kompetanseutviklinga i tenesta.

### Auke kapasitet på kort sikt

For å auke kapasiteten i tenesta på kort sikt, vil fylkeskommunen refundere 50% for gruppa 21-26 år etter gjennomført behandling hos privatpraktiserande tannlege for gruppa 21-26 år inntil vidare (førebels til juni 2023).

## **Auke kapasitet på lang sikt**

For å sikre ei godt nok dimensjonert teneste på lang sikt, med gradvis oppbygging av fleire og større klinikkar, er det behov for utgreiing av og ressursar til:

1. **Lokal/areal**
  - Større areal og lokale for å kunne ta i mot den pasientmengda tannhelsetenesta skal gi eit tilbod til.
2. **Personale**
  - Ressursar til å kunne rekruttere og stabilisere personell med riktig kompetanse.
  - Utvida opningstid på tannklinikkane
  - Turnusarbeid for tannhelsepersonell på kvardagar og helgevakter. Tannhelsetenesta vil kartlegge kva personell som ønsker å delta i ordninga og som hovudregel basere det på frivilligheit.
3. **Utstyr**
  - Ressursar til nødvendig utstyr og vedlikehald av det.
4. **Administrative kostnader**
  - Ressursar til nødvendig støttefunksjonar i stab.